

# Samarbeidsavtale

mellom

Møre og Romsdal politidistrikt

og

Aukra kommune

om

Førebyggjande arbeid, politikontakten, politiråd og SLT

## 1. Innleiing

I det politiske førearbeidet med Nærpolitireforma kom det tidleg opp sterke ynskje om å styrke samarbeidet mellom Politiet og kommunane. Politi og kommune har mange felles interesser. Ikkje berre i førebygginga retta mot ungdom, men også innanfor samfunnsplanlegging og beredskap generelt.

I "Avtale mellom regjeringspartiene (FrP/H) og Venstre om grunnlaget for et fremtidsrettet robust politi" av 17.02.2015 står det mellom anna: *Hver kommune har minst en fast kontaktperson ved lensmannskontoret eller politistasjonen (politikontakt). Politikontakten bistår i politirådsarbeidet i "sin" eller "sine" kommune, og fungerer som et kontaktpunkt for det førebyggjande arbeidet i distriktet.*

Nærpolitireforma har seks prioriterte funksjonar. Ein av dei er politikontakt og politiråd. Politikontakt er rekna som så viktig at det vart bestemt at det skulle vere på plass og i full drift allereie i løpet av 2017. Avtalane skal så langt råd er, tilpassast behov og ynskje i kvar kommune.

Målet er at alt førebyggjande arbeid både i kommune og politi, skal samordnast med andre tenester hos begge parter, for å skapa eit tryggare og betre samfunn for innbyrggarane. Ein viser til politimeisteren sitt brev til kommunane av 20.03.18 som handlar om tenestetilbodet i Møre og Romsdal politidistrikt.

I Nærpolitireforma er vidareutvikling og betre kvalitet på det førebyggjande arbeidet eit viktig mål og skal difor ha stor merksemd. Det skal utarbeidast ein gjensidig forpliktande avtale om politikontakt. I Aukra kommune skal denne samordnast med allereie eksisterande politiråd og SLT (Samordna lokale kriminalitetsførebyggjande tiltak). Politiråd og SLT er viktige for å samordne og drive det førebyggjande arbeidet i kommunen. Politikontakten skal kome i tillegg til dette arbeidet. Ordninga med politikontakt vart sett i verk frå 15.06.2017

Det daglege ansvaret for polititenesta i Aukra kommune er lagt til Molde politistasjon. Her vil det vere publikumsmottak med opningstider også utanfor vanleg kontortid enkelte dagar. Patruljetenesta som dekker kommunane Molde, Aukra, Midsund, Fræna og Eide organisert ut frå Molde politistasjon.

## 2. Politikontakten

Han vil ha sin faste kontorstad på Molde politistasjon.

Politikontakten skal også være tilstades i kommunen for å skape ein arena for uformell personleg kontakt, kontordager vert fastsatt i samråd med ordførar. Utover kontordager er politikontakten fast kontaktpunkt mellom kommune og politi. Det er ikkje meininga at politikontakten skal ha fast opningstid for publikum. Hovudregel blir at publikum må oppsøkjja Molde politistasjon, men kan

Politikontakten skal aktivt søke kontakt med sine samarbeidspartar i kommunen.

#### **Spesielle fokusområde**

Politikontakten skal ha ei viktig rolle for vere pådrivar for alt førebyggjande arbeid i kommunen. Særleg gjeld dette på administrativt nivå ved å arbeide for at planverk, politivedtekter m.m. er oppdatert og blir etterlevd.

Politikontakten skal styrke det eksisterande førebyggjande arbeid som alt er etablert. Han skal så langt ressursen tillét det, vere med i det praktiske arbeid som for eksempel samarbeidsmøter og foredrag i skular og andre ting, eller sørge for at politiet deltek.

Politikontakten skal ha kontakt med næringslivet. Han skal også ha særleg fokus på kontakt med lokalt NAV-kontor, kommunale helsetenester, skular, det interkommunale barnevernet og flyktningtenesta.

Å hente inn etterretning og informasjon om trendar og utviklingstrekk i lokalsamfunnet blir viktig. Opplysningar om grupperingar og enkeltpersonar som er inne i ei negativ utvikling blir også viktig. Dette må sjåast i samanheng med informasjon som kommunen har. I dette arbeidet må det vere eit nært samarbeid med SLT-koordinator slik at tiltak kan målrettast. For å sikre samordning og heilskap i tiltak, er det nødvendig å tenke tverrfagleg på tvers av tenestetilbod og forvaltningsnivå.

#### **Politikontakten sin organisatoriske plassering, fullmakter m.m.**

Politikontakten er plassert ved Molde politistasjon tenesteeining i den geografiske driftseininga Romsdal. Politikontakten skal ha dei nødvendige fullmakter frå eigen organisasjon for å kunne utføre dei oppgåver han er pålagt.

#### **Organisering av samarbeidet.**

Politikontakten skal kunne ha uformell kontakt med og samarbeida med alle nivå i eigen og kommunal administrasjon.

Kvar av partane har sjølve ansvar for å journalføre det som skal inn i dei respektive journalar.

#### **Teieplikt – samarbeid mot felles mål.**

Politiet har etter lov og forskrift teieplikt om alt dei i tenesta får av opplysningar som skal vernast eller som ikkje er allment kjende. Politiregisterlova og forskrifter til denne, opnar for at opplysningar kan utvekslast med andre samarbeidspartar i tråd med lova. I enkelte høve kan politiet etter politiregisterlova og straffeprosesslova med påtaleinstruksen ha opplysningsplikt. Alle samarbeidspartar må vurdere si teieplikt om alle opplysningar dei har sjølv eller får kunnskap om i samarbeidet. Målet er felles arbeid til beste for klienten innanfor det regelverket som gjeld for samarbeidspartar.

#### **Evaluering**

Denne avtalen skal vere fast sak på politirådet sitt første møte kvart år. Den kan ved behov, også takast opp i dei andre møta i løpet av året.

#### **Signaturar**

Ingar Bøen  
Politimeister

Bernhard Riksfjord  
Ordfører i Aukra

etter ei konkret vurdering i kvar sak, få avtale i Aukra. Ved behov kan politikontakten så langt dette ikkje kjem i konflikt med andre oppgåver, vere med på møter og liknande også utanom kontordagen.

Nokre av dei viktigaste oppgåvene for politikontakten blir:

- Vere eit av dei viktigaste kontaktpunkta mellom politi, publikum og kommunen.
- Vere med i utforminga av, og syta for oppfølging av lokale strategiar for førebygging av kriminalitet, rus, og radikaliserings.
- Syte for oppfølging av dei nasjonale kriminalitetsførebyggjande strategiane.
- Vere pådrivar i arbeidet med politiråd og SLT samarbeid.
- Gi råd om og sjå til at kriminalitetsførebyggjande metodar og tiltak vert rett brukt i kommunen.
- Vere ein del av resten av det kriminalitetsførebyggjande arbeidet i kommunen.

For å oppnå dette må politikontakten mellom anna:

- Arbeide for å skape ei felles oppfatning av problem og mål.
- Fremje deling av kunnskap og utveksling av erfaring mellom politi og kommune.
- Presentere politiet sin analyse av kriminaliteten i kommunen i dag og forventa utvikling. Sjå dette i samheng med kommunen sine eigne vurderingar av situasjonen.
- Ha god lokalkunnskap og nødvendige fullmakter frå eigen organisasjon.
- Etablere samarbeid med andre offentlege organ og styremakter, næringsliv, frivillige lag og organisasjonar m.m.
- Delta aktivt i planlegging og styring av politiet si operative teneste.

### **Politiråd**

Aukra kommune har etablert politiråd. Ordfører er leiar for politirådet og kommunen har ansvar for sekretariat, jf. vedlagt avtale. Politirådet skal vere eit formalisert samarbeid mellom kommunen si øvste leiding og politiet. Rådet skal vere eit strategisk organ og sikra utveksling av kunnskap og erfaring mellom politi og kommune.

Driftseiningsleiar er fast medlem og i tillegg møter politikontakt. Politikontakt har ansvar for oppfølging frå politiet.

Både kommune og politi skal fremje saker til politiråd.

### **SLT**

Kommunen har ei deltidstilling som SLT-koordinator og politiet forventar at denne vert oppretthalden. SLT-koordinator har ansvar for på kommunen sine vegne, å syte for at dei lokale, offentlege og frivillige ressursar innan førebygging arbeider etter felles strategi og mot felles mål. SLT koordinator skal delta i Politirådet sine møter.

### **Forventningar til samarbeid.**

Politikontakt er eit samarbeidsprosjekt mellom kommune og politi.

Politikontakten skal vere tilgjengeleg i kommunen minst ein dag i veka. Det skal i utgangspunktet vere ein fast vekedag, men politikontakten og kommunen vert samde om korleis dette praktisk skal organiserast. Både politi og kommune skal arbeide for å gjere politikontakten kjent i sine organisasjonar.

Kommunen skal aktivt inkludere politikontakten i planarbeid og møter der agenda har aktuelle tema for samarbeidet. Dette gjeld både interne møter og møter med næringsliv og frivillige lag og organisasjonar.